



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Haldis Håpoldøy, 5557 2256

Vår dato
20.02.2017
Dykkar dato
23.01.2017

Vår referanse
2017/252 611
Dykkar referanse

Trollskogen Barnehage SA
Stølen 13
5911 ALVERSUND

Ref. 2170hha

Tilskot symjeopplæring for barn i barnehage - kap. 231 post 70

Fylkesmannen tildeler **kr. 29 750** til symjeopplæring for barn i Trollskogen barnehage kalenderåret 2017, konto 3632 52 67 040 organisasjonsnummer 982 953 006.

Tilskottet skal bidra til at kommunar og frivillige organisasjonar kan gjennomføre tiltak for å gi barn i barnehagar tilstrekkeleg symjeopplæring slik at barna blir trygge i vatn og blir betre til å symje.

Opplæringa skal skje i barnehagen si opningstid og i basseng. Tilskottet skal nyttast til aktivitetar relatert til symjeopplæring av barna. Jenter og gutar skal ha eit likeverdig tilbod. Tilskottet kan berre brukast til barn som ikkje har fått tilsvarande tilskot tidlegare.

Midlar kan brukast til å dekke reseutgifter til /frå symjehall. Ubrukte midlar kan berre bli overførte til neste budsjettår etter søknad frå kommunen/ organisasjonen.

Rapportering

Kommunen/organisasjonen skal innan **1. desember 2017** rapportere til Fylkesmannen om bruken av midlane på skjemaet som ligg ved.

Fylkesmannen og Riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at tilskottsmidlane blir brukte etter føresetnadene, jf. Løyvingsreglementet § 10 og lov om Riksrevisjonen § 12. Dersom føresetnadene for å få tilskott ikkje er oppfylte, kan Fylkesmannen krevje tilbake tilskott. Ved feil i utrekninga kan avrekning gjerast i eventuelle komande tildelingar.

Klagerett

Tilskott til symjeopplæring er enkeltvedtak, og kommunen kan klage over Fylkesmannen sitt vedtak til Utdanningsdirektoratet innan tre veker etter vedtaket er kunngjort, jf. forvaltningslova § 28. Klagen skal sendast via Fylkesmannen, jf. forvaltningslova § 32.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Haldis Håpoldøy
seniorkonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ

